UiT
NOREGS
ARKTISKE
UNIVERSITET

UTKAST

Ruspolicy ved UiT Noregs arktiske universitet

Formål:
UiT Noregs arktiske universitet sin ruspolicy skal bidra til å skape eit inkluderande og trygt arbeids- og læringsmiljø/studiemiljø for studentar og tilsette. Ruspolicyen skal fremje ønska haldningar knyta til bruk av alkohol og andre rusmiddel.

UiTs haldningar:

- Bruk av illegale rusmiddel er uakseptabelt blant studentane våre og dei tilsette
- Det er uakseptabelt å møte på jobb eller i studiesituasjonen påverka av rusmiddel. Det blir forventa at ein viser måtehald ved representasjon eller i andre studie- og arbeidsrelaterte høve

UiT vil legge til rette for å hjelpe studentar og tilsette som har utfordringar med rusmiddel. Ruspolicyen omfattar alkohol, illegale rusmiddel og medikament som ikkje blir nytta slik som legen har føreskrive.

Køyrereglar:

1. Alle studentar og tilsette ved UiT er ansvarlege for å bidra til eit rusfritt og godt studie- og arbeidsmiljø
2. Det skal bli lagt til rette for rusfrie, sosiale arenaer både for studentar og tilsette
    a. UiT har et særleg fokus på at introduksjonsvekene ved studiestart inkluderer mangfaldet i studentmassen, og at det blir gitt tilbod om alkoholfrie arrangement
3. I UiT sine lokale skal det visast måtehald ved alkoholservering og alkoholkonsum
    a. For å servere alkohol må det søkjast om løyve og godkjenning frå relevante styresmakter. I høve til alkoholservering skal det alltid gis tilbod om tilsvarande alkoholfrie alternativ
4. Det er nulltoleranse for bruk, omsetjing og eigedom av illegale rusmiddel
5. Ved bekymring over eigen eller andre sin rusmiddelbruk, blir studentar og tilsette oppfordra til å søkje råd hos blant anna tillitsvalt, næraste leiar, studentrådgivinga, bedriftshelsetenesta, fastlege eller andre kommunale helseteneste

Policyen vil bli publisert på ei eige nettside etter same mal som nettsida for seksuell trakassering som nyleg har blitt etablert. Policyen skal i tillegg bli trykt opp i eit høveleg format. På baksida av den trykte versjonen av ruspolicyen legg arbeidsgruppa opp til at det skal bli gitt same kontaktinformasjon om nokon har behov for vidare rettleiing som på nettsidene.

Kampanje, med alle logoar frå dei som har vore involvert i arbeidet bør vurderast i samband med trykkinga.